

KULTUR

Kanaldagane for 16. gong

Kanaldagane er eit stort arrangement for ei lita bygd.

Kanaldagane på Bømlo blir kommande helg arrangert for 16. gong.

– Dette er eit arrangement i kystsogeveke og er eit av dei største arrangementa på Bømlo med om lag 3–5000 besøkjande kvart år. I år er arrangementet større enn nokon gong, med rekord i talet på stands og med eit gigantisk telt som skal romma all underhaldning. Det er første gong underhaldninga er «innandørs», heiter det i ei pressemelding frå arrangørane, som er seks frivillige organisasjonar og alt blir gjort på dugnad. Difor er dette eit stort arrangement i ei lita bygd.

Kanaldagane har eit maritimt preg, naturleg nok slik området ligg ved idylliske «Kulleseidkanalen». Gamle veteranbåtar ligg langs heile kanalen, og vitnar om gamle dagar når båtane var det naturlege framkomstmiddelet.

I år er det rundt 50 salsbuer, og Kanaldagane vert i år opna av ingen ringare enn «Sildakongen».

– Arvid Otto Sildenskiold Mørch er viden kjent og ein svært fargerik person, og han vil fortelja om kystkulturen, fiskarbonden og sjømann. Det han sjølv kallar «ryggrada i mor Norge».

Arrangørane har jobba mykje med underhaldninga, for å få med noko for både born,



MARITIMT: Det er det maritime som står i høgsetet, når seks lokale organisasjonar til helga inviterer til Kanaldagane i Kulleseidkanalen for 16. gong. Men det er også mykje underhaldning og mykje å få kjøpt. Nytt av året er eit stort telt, der all underhaldning skjer. FOTO: ARKIV

ungdom og vaksne. Spesielt mynta på born er brannbilen og diskotek fredag, eliasbåtar laurdag og søndag, og kløven Ray Speedy på søndag. For ungdom kan nemnast Ten Sing Bømlo, Kløver og Skarre R, og Serlina Sulebakk. Sist-

nemnde er svært populær for tida med singelen «Puste under vann». Ho var seinast å sjå på TV 2 sitt program «Allsang på grensen».

Det store trekkplasteret er ABBA-showet på laurdag, med fullt band og vokalistar i Hibbi

Mannes, Henriette Braavig, Mads Pedersen og Unni Hilt.

Laurdag kveld er det klart for stort show med Bjørn Jensen frå «Ausekarane» og Vestlandsfanden.

Søndag kjem The Jokers, og då er det også duka for den

tradisjonelle gudstenesta, der presten vert rodd til «kyrkje» akkurat som i gamle dagar.

➤ **Magne Kydland**
magne@sunnhordland.no

Inviterer til ten sing-start

Til helga trør Sing Sing Tensing til med «Kick off-helg» på Leirvik skule.

Tilbodet er retta mot ungdom frå 13 til 19 år, som har lyst til å vera med på mykje kjekke aktivitetar, leik og moro. For sjølv om Sing Sing Tensing gjorde comeback som kor for nokre år tilbake, er tanken og ynskje til styret at dette skal vera ein treffstad for meir enn berre dei som likar å syngja.

Her er plass til både dei som vil spela eit instrument, styra

med lyd og teknikk eller vera med i meir temabaserte grupper. Det er påmelding til arrangementet, men det er også høve til å ta turen innom, for å sjå om dette er ein stad ein har lyst til å vera med som medlem vidare utover hausten. Styret kan også fortelja at det er lagt opp til fleire matserveringar gjennom helga, i tillegg til sosiale aktivitetar leikar, kviss og konkurransar. På søndag vil dei ta del i presentasjons-gudstenesta for dei nye konfirmantane i Nysæter kyrkje, der dei presenterer det dei har lært i løpet av helga.

Med seg på laget har dei fått utflytta stordabu, Ragnhild Grov Nilsen, til å vera dirigent og aktiviteitsleiar for arrangementet. Ho har rundt 20 års fartstid som dirigent og Ten Sing-inspirator, etter sjølv ha blitt inspirert frå tida som kor-medlem og mellom anna reist eitt år med Ten Sing Norway. Ho fortel at ho har vore dirigent i alt frå det som ho sjølv kallar bygdekor, til Gospel Bergen, som er eit kjent namn blant gospelinteresserte.

– Det vert kule og moderne låtar, det vert dans, leik og masse moro, lovar Grov Nil-



SONGLYSTNE: Desse fire ungdomane er alle styremedlemmer i Sing Sing Tensing, og vil gjerne ha med seg mange andre ungdommar mellom 13 og 19 år på «Kick off-helg» no til helga. Dei lovar mykje kjekt på programmet for dei som kjem. Frå venstre Lars Hetlesæter, Maria Lillenes, Margrete Mosaker og Emma Dyrhol FOTO: MALENE GROV ALMÅS

sen, på spørsmål om kva ho vil presentera for dei som kjem innom. Ho legg vidare til at ho vil freista å gje ungdommane innblikk i kva Ten Sing er, og at det å vera med i dette arbeidet, fort kan bli eit springbrett vidare i livet, både i privat og

i jobbsamanheng. Ho håpar at helga kan bli ein arena for mykje kreativitet. Sing Sing Tensing er tilslutta organisasjonen KFUK-KFUM/KFUM.

➤ **Magne Kydland**
magne@sunnhordland.no

KUNNGJERING

GØY PÅ LANDET!

Velkomen til open gard
sundag 3. sept kl. 12-15.

Dyr, aktivitetar, natursti, gardskafé med sal
av steinovnsbakte brød og anna bakst.

Inngang: k.r 50/pers, kr. 200/fam.

Velkomen!



Sing Sing. Kick off-helg på Leirvik skule 1.-3. september

Møt fredag kl. 19.00! Kva skjer?
Aktiviteter, band, kor, god mat.

Påmelding: Send sms
til 412 89 052 eller gå inn på
Facebook Sing Sing Ten-Sing



STORD KOMMUNE
www.stord.kommune.no

VEGSTENGING I OMRÅDET KRINGSJÅ

I samband med pågåande prosjekt i Kringsjå,
vert vegen stengt ved kryss inn til Kringsjå terrasse.
Omkjøring vert via Bandadalen.
Arbeidet tek til onsdag 30. august.



Stord tennisklubb set i gang

TENNISKURS

for aldersgrupper 7 - 11 år
og 12 - 16 år i Rackethallen kvar
tysdag fram til jul.

Første fram møte:

Tysdag 5. sept. 2017 kl. 17.00.

Pris for kurset vert kr. 750,- pr. deltakar.

For påmelding/info: mobil tlf. 942 55 458,
eller 936 64 179.

<https://www.stordtennis.no/>

Styret i STK

HANNE KROGH

Ta meg til havet



I samarbeid med FITJAR KAMMERKOR

Laurdag 23. sept. kl. 18.00

Billettpris: Kr. 360,- Nummererte plasser i Amfi.

Fitjar Kultursal

Billettbestilling: tikkio.com

Billetter i sal hos Larsen Multihandel
Tlf. 941 32 310. Mail: ole@fkib.no

FITJAR KULTUR- OG IDRETTSBYGG

KOM DEG UT-DAGEN

Søndag 3. september kl. 12.00 til 15.00
Inviterer Barnas turlag/Stord Fitjar turlag
til den årlege kom deg ut- dagen ved
gapahuken i Skjephauken.

- Kanopadling
- Turtipp
- Natursti v/Ås barnehage
- Slakkline
- Spikking

Velkommen til den største
søndagsturen i landet!



LINJEINSPEKSJON
med helikopter

Uke 35 og 36

Det vil foregå
lavtflyging med
helikopter i hele
vårt forsynings-
område hvis
været tillater
dette.

Haust på museet

Familiearrangement
i Sunnhordlandstunet,
Laurdag 2. september
kl. 11.00 - 15.00

- Mange aktivitetar for store og små
- Utstillingar, boksal, kafé
- Soppkontroll (ta med sjølvplukka sopp!)

Fullt program på www.sunnhordland.museum.no

Barn: 50 kr/ Vaksne: 70 kr



@sunnhordlandmuseum  
Museumsbakken 16, 5417 Stord
www.sunnhordland.museum.no

SUNNHORDLAND
museum

Bestill en utvidet
synsundersøkelse
med optomap



Et **optomap**-scan viser over
4 ganger mer enn et vanlig
netthinnebilde, og avslører
mye om øyehelsen din.

interoptik

Interoptik Optiker Sele Amfi Stord, tlf 53 40 29 30, Interoptik Sartor Storsenter,
Straume, tlf 56 33 03 50, Interoptik Optiker Bakketeig Øyrane Torg, Indre Arna,
tlf 55 53 08 30 - Øyro 15, Os, tlf 56 30 18 00

Kino



Førehandsal av bill. i Kulturhuset
7 dg. før filmen skal visast



BILER 3 (norsk tale)

Norgespremiere

Fredag 01/9 17.00 Storsal

Laurdag 02/9 13.00 Storsal

Søndag 03/9 16.30 Storsal

Alle, 1 t 48 min



THE HITMAN'S BODYGUARD

Norgespremiere

Fredag 01/9 21.00 Storsal

Laurdag 02/9 19.00 Storsal

Søndag 03/9 21.00 Storsal

15 år, 1 t 58 min

AMERICAN MADE

Onsdag 30/8 19.30 Storsal

Fredag 01/9 20.00 Småsal

Laurdag 02/9 15.30 Storsal

9 år, 1 t 54 min

EMOJIFILMEN (norsk tale)

Onsdag 30/8 17.30 Storsal

Fredag 01/9 17.30 Småsal

Søndag 03/9 18.00 Småsal

6 år, 1 t 31 min

THE DARK TOWER

Laurdag 02/9 16.30 Småsal

Søndag 03/9 19.00 Storsal

12 år, 1 t 34 min

ULV I FÅREKLAR

Onsdag 30/8 17.00 Småsal

Laurdag 02/9 11.00 Storsal

Søndag 03/9 16.00 Småsal

Alle, 1 t 24 min

DEN ANDRE SIDEN AV HÅPET

Onsdag 30/8 19.00 Småsal

9 år, 1 t 38 min

PREBZ OG DENNIS:

THE MOVIE

Torsdag 31/8 17.45 Storsal

Fredag 01/9 19.15 Storsal

Måndag 04/9 17.30 Småsal

6 år, 1 t 18 min

VÅR VINGÅRD I BOURGOGNE

Torsdag 31/8 19.00 Småsal

Laurdag 02/9 18.30 Småsal

Alle, 1 t 49 min

ANNABELLE 2

Torsdag 31/8 19.30 Storsal

15 år, 1 t 49 min

JAKTSESONG

Søndag 03/9 20.15 Småsal

2 t 8 min

RIVALENE

Måndag 04/9 19.30 Småsal

12 år, 1 t 34 min

Få full oversikt på
sunnhordland.no

Stord
Kulturhus



www.stord.kulturhus.no

ORDFØRARANE SIN DAG



STORD: Onsdag
08.00: Møte med Atheno
09.30: Budsjettkonferanse
10.30: Møte med rådmann
11.30: Årsmøte MOT
Torsdag: 10.30: Besøk frå Leirvik skule
11.30: Møte med rådmann
14.00: RHO-møte



FITJAR
10.00: Internt møte -
Tiltaksplan Fitjarfjellet
19.30: Valdebatt Bømlø
Torsdag
12.30: Planleggingsmøte
lønnsforhandlingar



Ein bør ta mennene som dei er, og kvinnene slik dei har lyst til å vera.

Fransk ordspråk

ELLES DÅ?



FOTO: ANDERS TOTLAND

Gjer valdagen til ein fest

Anny Kristoffersen (78) har ei klar oppmoding til alle med stemmerett.

– No for tida er eg sjølvsgatt oppteken av valet. Det er klart at det betyr mykje for oss.

– **Har du bestemt deg?**

– Sjølvsgatt har eg bestemt meg.

– **Har du vore og stemt òg?**

– Ånei, veit du kva? Den dagen er veldig høgtideleg. Kjempekjekk.

– **Kva gjer du då?**

– Då står eg opp om morgonen og et frukost. Avtalar gjerne med nokon, og går saman. Så går me gjerne på kafé etterpå.

– **Blir det valvake òg?**

– Det trur eg det blir i år. Det er veldig spennande.

– **Kvifor er valdagen så høgtideleg for deg?**

– Eg synest det er veldig høgtideleg. Og så synest eg at alle bør bruka stemmeretten sin.

– **Kvifor?**

– Kvifor det? Kjære vene deg, kva er det me har kjempa for? Hæ? Kva er det damene har kjempa for? Me fekk stemmerett for hundre år sidan, og viss du ikkje skal bruka han?

– **Kva bør folk stemma på?**

– Det må vera opp til kvar enkelt. Det viktigaste er at dei bruker stemmeretten sin.

– **Men kva om dei stemmer på noko skikkeleg dumt?**


– Det får vera opp til dei. Men då kan dei ikkje komma og klaga etterpå. Men sjølvsgatt, om det er dumt for meg, kan det vera bra for dei. Difor må dei bestemma sjølv. Eg kan ikkje predika.

– **Elles då?**

– Elles har eg det bra.

► **Anders Totland**

anders@sunnhordland.no



VIKINGAR: Unge og gamle i både skule, barnehage og sogelaget er klare til å ta publikum tilbake att til Vikingtida på arrangementet neste onsdag, eit arrangement som er i samarbeid med Kystsogevkene. ILLUSTRASJONSFOTO

Tilbake til vikingtida

Onsdag 6. september presenterer 7. klassane ved Rommetveit skule, Villvettene Friluftsbarnhage og Stord Sogelag programmet «Vikingtid på Rommetveit».

I 2014 tok Stord Sogelag opp med Stord kommune og Guri Aksnes på kulturkontoret ideen om å leggja til rette kulturminne slik at barnehagar og skular betre kan bruka dei i opplæringa. Tanken er at kvar barnehage og skule bør ha eit kulturminne i nærområde som dei kan nytta i opplæringa når det høver. Barnehagen og skule

vil på ein måte «eiga» kulturminnet, bruka det, sjå etter det, stella det slik at det er ryddig og skikkeleg.

– Guri Aksnes tok saka opp med Fylkeskommunen. Dei var også interessert, og det vart laga eit prosjekt der Stord kommune ved Guri Aksnes, Hordaland Fylkeskommune ved arkeolog Solveig Lohne Rongved og Stord Sogelag ved Atle Bjørn Mæhle var faste representantar i prosjektgruppa. Me starta arbeidet med å leggja til rette ei stor nausttuft frå vikingtida på Rommetveit, ved sjøen nedanfor idrettsbana til Høgskulen, og ei gravrøys på Breivikneset på Rommetveit frå år 0–200. På Rommetveit vart også Statsbygg ved Ragnhild Lunde med i prosjektgruppa. Statsbygg eig området.

Villvettene Friluftsbarnhage, Rommetveit skule og Nordbygdo ungdomsskule har også vore med, opplyser Atle Bjørn Mæhle i sogelaget.

Prosjektet arbeider no med Hystadmarka, der det snart vil koma nye skilt. Her er Sævarhagen barnehage og Hystad skule med i prosjektet.

Våren 2017 tok 6- klassingane på Rommetveit skule utgangspunkt i nausttufta då dei hadde tema om vikingane i opplæringa. I samarbeid med Stord Sogelag, Rommetveit skule og Villvettene Friluftsbarnhage vart programmet som elevane laga sentralt i eit arrangement som ein del av Kystsogevkene hausten 2017.

► **Magne Kydland**

magne@sunnhordland.no



Heidra for lang og tru teneste

Under ei samkome for tilsette ved Sunnhordland Trafikkopplæring AS nyleg, blei Per Ove Sercan Husevik (t.v.) og Reidun Åsvang tildelt Norges Vel sin medalje for lang og tru teneste.

– Begge har i over 30 år stått på for Sunnhordland Trafikkopplæring AS til beste for kundar, tilsette og bedrifta, heiter det grunngevinga.